



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2023/4305-STT

Dato

30.03.2023

Tidspunkt: Onsdag 29.03.23, kl. 09.00 – 10.30

Til stede: Steinar Bøyum, Eivind Kolflaath, Vibeke Tellmann, Hans Marius Hansteen, Gunnar Karlsen, Julie Zahle, Leon Commandeur (vara), Edvard Haugland (vara), Johan Ulla, Vivian Steinsund

Forfall: Kirsten Bang, Axel Leegaard.

Referat frå instituttrådsmøte

I Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Eivin Kolflaath melde ei sak til eventuelt.

II Orienteringssaker

- Referat frå sist møte i fakultetsstyret: Hansteen orienterte om saka om bemanningsplanen og sak om ny programportefølje. Sak om bemanningsplan blir tatt opp att i neste fakultetsstyremøte (9. mai), på rektor si oppmoding.
- Referat frå møte i Forskningsutvalget.
- Referat frå møte i Utvalg for Examen philosophicum
- Strategiplan for UiB 2023-2030
- «Fokus på samarbeid» - prosjekt for administrativ effektivisering ved HF: Administrasjonssjef gjorde greie for tre ulike effektiviseringsprosjekt ved dei administrative tenestene ved HF («Betre studieadministrasjon», «Forskningsnær støtte» og «Prosjektøkonomiservice»)
-

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384

- Undervisningsplan for høstsemesteret 2023: Første utkast av undervisningsplanen for haustsemesteret er på plass. Det blir eit krevande semester, med vesentllig fleire Exphil-kurs enn tidlegare prognostisert. Vi lyser difor snarleg etter 5 lektorstillingar ved Exphil for høstsemesteret. For den anstrengte Exphil-økonomien er dette likevel ein god ting.

III Vedtakssaker

2023-08 HMS-plan

Vedtak:

Instituttet sluttar seg til den foreslåtte HMS-planen for Institutt for filosofi og førstesemesterstudier.

2023-09 Nominasjonskomité for instituttrådet 2023-24

Vedtak:

Instituttrådet utnemner denne nominasjonskomiteen for instituttrådsvil i perioden 2022-23: Vibeke Tellmann, Franz Knappik, Leon Commandeur, Steinar Thunestvedt, Axel Leegaard.

2023-10 Eventuelt

Eivind Kolflaath refererte til ulike oppslag i «Khrono» om kjønnsdiskriminering og inadekvat mannleg agering ved dei filosofiske institutta på UiO og NTNU - og stilte bl. a. spørsmålet om vi kan ha dei same problema her.

Instituttrådet drøfta ulike problemstillingar knytt til temaet, og studentane i rådet blei invitert til å dele sine erfaringar. Desse viste, kanskje, at vi ikkje har dei problema som det særleg blei meldt om i Trondheim (episodar med svært upassande åtferd frå mannlege studentar), samstundes som det kom fram at det framleis er likestillingsutfordringar også ved vårt institutt.

Instituttleiar oppsummerte diskusjonen og forsikra rådet om at problemstillinga også i tida som kjem vil bli følgd opp av instituttleiinga.

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef